

Vedtekter for Stord Jazzklubb

§ 1 Namn

Namnet skal vera Stord Jazzklubb.

§ 2 Føremål

Stord Jazzklubb skal:

- vera ein møteplass for musikkinteresserte og musikarar som søker positive kulturopplevingar og inspirasjon frå levande musikk med improvisasjon, blåtonar og svingande rytmar som felles kjennemerke
- arbeida for å gjera jazzmusikk og slektsnære musikkformer tilgjengeleg for flest mogeleg ved å arrangera jamlege konsertar gjennom kalenderåret, med lokale, nasjonale og internasjonale utøvarar
- vera ein arena for lokale utøvarar og for musikkstudentar
- gjennom prosjekt med eigenaktivitet leggja til rette for formidling av jazzmusikk til barn og unge
- søkja samarbeid med andre aktørar i det lokale musikk-/kulturlivet, som kor, orkester, grupper, lag og enkeltutøvarar
- søkja samarbeid med lokale utdanningsinstitusjonar, som t.d. musikkseksjonen ved Høgskulen på Vestlandet, musikklinja ved Stord vidaregåande skule og Stord kulturskule
- stimulera til kunstnarisk fornying og utvikling og vera med på å stimulera til nyskaping med omsyn til musikkformidling

§ 3 Organisasjon

Stord Jazzklubb er eit medlems- og interesselag som er ope for alle. Laget skal vera demokratisk styrt med eit medlemsvald styre, og drifta skal vera basert på frivillig, ikkje-betalt innsats frå medlemmane.

Det kan ikkje takast ut noko form for økonomisk utbytte frå nokon del av Stord Jazzklubb si verksemd.

Stord Jazzklubb skal vera medlem av Stord musikkråd og Norsk jazzforum og kan vera medlem av andre støtteorganisasjonar, som t.d. Norske Konsertarrangører (NKA).

Stord Jazzklubb skal vera innmeld i Enhetsregisteret og Frivillighetsregisteret.

§ 4 Medlemskap

Berre einskildpersonar kan teikna medlemskap. Medlemskapen i laget skal reknast frå den dagen kontingenten er betalt. Medlemskartoteket må til ei kvar tid vera oppdatert og vera tilgjengeleg for alle i

styret. Medlemskap gir rabatt ved alle konsertar og andre arrangement som klubben står som tilskipar for.

§ 5 Årsmøte

Årsmøtet er øvste lagsorgan og ope for alle registrerte medlemmar.

Årsmøtet skal haldast i løpet av dei tre første månadane kvart år. Tid og stad for årsmøtet skal gjerast kjent minimum 14 dagar på førehand.

Framlegg til saker som årsmøtet skal handsama, må meldast til styret minimum 14 dagar før årsmøtet blir halde.

Årsmøtet skal handsama årsmelding, rekneskap, budsjett, handlingsplan, val av styre, fastsetjing av medlemskontingent og innkomne framlegg.

Årsmøtet skal velja leiar, nestleiar, kasserar og i tillegg to styremedlemer. Årsmøtet skal og velja to varamedlemer av styret. Årsmøtet skal velja 2 revisorar (valde for 1 år) og 2 medlemmer av ein valkomité (valde for 1 år).

Dersom det er meir enn eitt framlegg på kandidatar til same vervet, skal valet vera skriftleg. Alle medlemmar kan veljast, men dei som alt har eit verv i laget, kan be seg friteken. Alle kandidatar må på førehand sei seg villige til å ta imot valet.

Årsmøtesakene vert avgjort med simpelt fleirtal, om ikkje vedtektene seier noko anna.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Årsmøtet skal velja 2 møtedeltakarar som skal signera protokollen. Protokollen skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane innan 2 veker etter at årsmøtet vert halde.

§ 6 Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemmene krev det. Innkallinga skal skje på same måte som for ordinært årsmøte. Omframnt årsmøte kan berre handsama saker som ligg til grunn for innkallinga. Alle vedtak vert gjort etter dei same reglane som for ordinært årsmøte.

§ 7 Styret

Styret i laget skal ha ein leiar (valt for 1 år), ein nestleiar (vald for 2 år på oddetalsår), ein kasserar (vald for 2 år på liketalsår) og 2 styremedlemer (valde for 2 år, - 1 på liketalsår og 1 på oddetalsår). I tillegg skal styret ha 2 varamedlemer (valde for 1 år). Varamedlemene har møterett.

Leiaren kallar inn til styremøte minst ei veke før møtet, ein regel som kan fråvikast i hastesaker.

Styret har ansvar for utarbeiding og gjennomføring av halvårlege program for konsertar, kurs/seminar og andre prosjekt/tiltak. Styret kan velja ein programkomité på tre medlemer, med minimum eitt styremedlem som ein av dei tre, som skal komma med framlegg til konsertprogram for kvart semester.

Styret avgjer sjølv fordeling av oppgåver innanfor desse ansvarsområda: økonomi, booking/logistikk, medlemsverving/-registrering, informasjon/profilering (heimeside/Facebook, annonsering),

dokumentasjon/referering og teknisk ansvar. Styret kan delegera oppgåver til klubbmedlemer utanfor styret.

Styret avgjer billettprisar og medlemsrabatt ved alle konsertarrangement og andre prosjekt/tiltak.

Styret skal, så langt råd er, søkja å bli samstemde, men ved likt stemmetal ved røysting, skal leiaren ha dobbelrøyst.

Styret står ansvarleg for å søkja tilskotsmidlar frå aktuelle organisasjonar/institusjonar; som Kulturrådet, Norsk jazzforum, kommune og fylkeskommune. Styret bør også søkja sponsormidlar frå potensielle sponsorar.

Styreleiar og kasserar underteiknar i fellesskap på vegner av Stord Jazzklubb.

Det skal førast protokoll frå alle styremøte. Protokollen skal sendast ut til styre- og varamedlemene innan 1veke etter at møtet vert halde.

§ 8 Kontingent

Årsmøtet fastset medlemskontingenten pr. kalenderår. Ungdom under 26 år (inntil fylte 26) får 50% i rabatt på medlemskontingenten. Styret avgjer medlemsrabatt ved kvar enkelt konsert/arrangement.

§ 9 Vedtektsendring

Desse vedtektene kan berre endrast på ordinært eller omframtr årsmøte. Framlegg til endringar må vera ført opp på saklista og krev 2/3 fleirtal frå dei framtrømte medlemene for å verta godkjende.

§ 10 Oppløysing

Stord Jazzklubb kan berre oppløysast dersom årsmøtet vedtek det med 2/3 fleirtal. Framlegg til oppløysing må stå på saklista som går ut til medlemene minst tre veker før årsmøtet.

Dersom oppløysing vert vedteke, skal det haldast omframtr årsmøte ein månad seinare. For at laget skal verta oppløyst, må vedtaket stadfestast, også her med 2/3 fleirtal.

Ved oppløysing vedtek årsmøtet kva laget sine midlar skal nyttast til. Midlane kan berre gå til kulturføremål innan Stord kommune.

Vedteke på årsmøte 6.3.2017